

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|-----------------------|------|------------|
| 128/15 | Plan- og miljøutvalet | PS | 23.09.2015 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|----------------|------------|
| Trude Langedal | 14/2898 |

**2. gangs handsaming av reguleringsplan for FV 404 strekninga Kvamme - Fossevatnet,
planID 1263_201104**

Vedlegg:

Reguleringsførersegner 31.08.2015Planomtale_Fv 404 Kvamme 31.08.2015Reguleringsplan
1av2Reguleringsplan 2av2C001C002C003C004C005C006TP-typisk1.
gongshandsaming_reguleringsplankart_1av31. gongshandsaming_reguleringsplankart_2av31.
gongshandsaming_reguleringsplankart_3av3

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å legge
reguleringsplan for Fv 404 strekninga Kvamme – til kryss ved veg til Fossavatnet ut til
offentleg
ettersyn

Plan- og miljøutvalet - 128/15

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

PM - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å legge
reguleringsplan for Fv 404 strekninga Kvamme – til kryss ved veg til Fossavatnet ut til
offentleg
ettersyn.

Saksopplysningar: Politisk handsaming

Plan- og miljøutvalet skal avgjera om reguleringsplanen skal leggjast ut til 2.gongs offentleg ettersyn. Planarbeidet vart starta opp våren 2011 og var på offentleg ettersyn hausten 2012. Det er gjort vesentlege endringar i planframlegget etter at planen var på 1.gangs offentlig ettersyn. I planframlegget som no vert lagt fram er Fv 404 regulert som 2-felts veg med fortau og kantstopp for kollektiv, medan framlegget som vart 1.gongs handsama var 1-feltsveg med møteplassar og haldeplasser for kollektiv. Dette er bakgrunnen for at planen no vert lagt ut på ny høyring.

Planen skal òg verta lagt fram for leverkårsutvalet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne til uttale.

Bakgrunn

Bakgrunn for planarbeidet er at fylkesveg 404 har därleg standard og ikkje er tilrettelagt for mjuke trafikantar. Med dagens trafikkmengde og planlagt utbygging i området er det behov for opprustning av vegstrekninga med utbygging av fortau. Reguleringsplanen omfattar ei vegstrekning på 2,4 km frå Kvamme til kryss med kommunal veg til Fossavatnet. Vegstrekninga går i eit generelt sidebratt terreng der eksisterande veg ligg nært opp til bustadhús og driftsbygningar. Det er òg svært mange avkøyrslar til eigedommane langs vegen, i planframlegget er desse samla der det er mogeleg. Planframlegget regulerer køyreveg med vegklasse Sa2/U-Hø1 etter håndbok N100. Fortauet er regulert med 2,5 m breidde inklusiv fortauskulder, total vegbredde er 9,75 m. Vegen har 50 km/t som dimmensioneande fartsgrense. Til samanlikning var vegbredda 8 m + møteplassar og haldeplasser i planframlegget som vart lagt ut til 1.gongs ettersyn.

Dagens situasjon

Fv 404 går frå Alversund i sør til Feste i nord. Årsdøgn trafikken (ÅDT) på vegen er i nasjonal vegdatabank registrert til 1300 (2014). Fartsgrensa på vegen er 50 km/t, sidevegane har 30 km/t. Det er ikkje fortau langs strekninga og vegen er generelt smal, med få møteplassar og utan tilbod til mjuke trafikantar. Vegen tilfredsstiller ikkje dagens krav til avkjøringar, frisiktsoner og trafikktryggleik. Det ligg fleire bustadhús tett inntil vegen med eigen avkjøring og fleire landbruksvegar har avkjøring frå vegen. I tillegg ligg Kvamsvåg Landhandel, Kvamsvåg ungdomshus og eit idrettsanlegg langs vegen. Idrettsbanen vert i liten grad nytta til organisert aktivitet. Det er i nasjonal vegdatabank registrert to trafikkulykker. Ei trafikkulykke med lettare skadd person og ei ulykke med alvorleg skadd person. Innanfor planområdet er det i dag 5 busstopp. Det går per i dag 7 avgangar tur/retur Knarvik-Feste.

Prosess

Oppstart av planarbeidet vart varsle 20.01.2011 med merknadsfrist 28.02.2011. Planforslaget var utarbeidd av plankonsulent ABO plan og arkitektur as på oppdrag frå Lindås kommune. Statens vegvesen og Lindås kommune har koordinert arbeidet gjennom ei tverrfagleg prosjektgruppe.

Planframlegget omfatta opprustning av vegstrekninga med utbygging av fortau og

oppgradering av møteplassar og busshaldeplassar langs vegen.

Planframlegget vart 1.gongs handsama i PMU 13.06.2012 og lagt ut på offentleg ettersyn i perioden 23.06.2012-04.08.2012. Det kom inn 25 merknader, 3 offenlege og 22 private.

Planframlegget og innkomne merknader vart gjennomgått i møte med Lindås kommune, Statens vegvesen og plankonsulent 06.11.2014.

Med bakgrunn i merknader fra Statens vegvesen vart det utarbeidd ei ny skisse til veg der delar av vegen var 2-felts køyreveg og delar av vegen var 1-felts veg med møte- og haldeplassar. Avkjørslene vart i større grad tilpassa vognormalen. Det skal ikkje være meir enn 250 m mellom møteplassane og det er krav til sikt mellom dei. Haldeplassane for buss og møteplassar låg relativt tett og utgjorde til saman ei breddeutviding på vegen i ein stor del av vegstrekninga. Med bakgrunn i dette ønska SVV at det vart teikna ut eit forslag der heile vegparsellen var 2-felts køyreveg og haldeplassane for buss vart erstatta med kantstopp.

Nytt framlegg til veg og fortausløysing vart gjennomgått med SVV, Lindås kommune og plankonsulent i møte 12.06.2015. Det vart eingighet om å gå vidare med 2- felts veg og utarbeide planframlegg for løysinga.

Planframlegget

Hovudføremålet med planarbeidet er framføring av fortau langs vegstrekka.

Det planlagde vefsystemet skal i utgangspunktet følgje statens vegvesen sin vognormal N100 med

vegklassifisering Sa2 som er vegforbindung mellom bygder, der vegen går gjennom utbygde områder.

Vegklasse Sa2 legg til grunn at ÅDT > 1500 og fartsgrense 50 km/t.

Vegen er planlagd med opphøgd einsidig gang- og sykkelveg. Dette er gjort på grunn av arealknappheit som følgje av eksisterande bygningars plassering, terreng, avkjørsler m.m.

Ved enkelte avkjøringar er det planlagt tosidig fortau for å forbetre siktilhøva i kryssingspunkt og sikre tilgang til busshaldeplassar. Det er hovudsakleg lagt til rette for busskur for bussar i sørgåande retning. Det er i planforslaget lagt opp til kantstopp for busshaldeplassar.

Hovuddelen av fortauen er lagt på austsida av planlagt kjørebane. Dette er gjort med bakgrunn i terrentilhøva med til dels bratte skjeringar og bygningar som står tett opptil dagens vegtrase. Ved å legge fortauen på austsida av kjørebana vil ein i større grad kunne oppfylle krava til friskt ved avkjøringar og krav til kurvatur. Med bakgrunn i arealknappheit og topografi avvik vegen frå vegklassen.

Konsekvensar av planforslaget

Naturområde

Planframlegget vil medføre inngrep i landbruksareal og naturområde, men planframlegget er ikkje vurdert å få konsekvensar for raudlisteartar registrert i planområdet. Det er registrert store gamle trær som vert vurdert som lokalt viktig på Indre Fosse og Ytre Fosse. Desse vert liggjande i anlegg-og rigg område og må takast omsyn til under utbygging av vegen.

Barn og unge

Planforslaget vil medføre at det er tryggare for barn og unge og ferdast langs vegen. I samband med busstopp er det etablert tosidig fortau, dette gjev tryggare rammer rundt skuleskyssen.

Folkehelse

Planforslaget er vurdert å vere positivt for folkehelse. Etablering av tilbod til mjuke trafikantar vil kunne medføre at eit langt større tal personar vel å gå eller sykle til daglege gjeremål.

Landbruksareal

I samband med utviding av vegen vert ca 8,3 daa omdiagonert frå landbruksareal til vegareal. Hovudvekta av omdiagonert jordbruksareal er på Kvamme og Ytre Fosse.

Trafikk

Planframlegget vil medføre auka trafikktryggleik ved at det er sikra to køyrefelt, frisiktsoner, justering på kurvatur og tal på avkøyrslar frå Fv 404 vert redusert.

Bygningar

Eit uthus på vestsida av vegen på gnr 145/6 og ein driftsbygning på gnr 146/7 må rivast må rivast som ein følje av planen. Garasje på gnr 146/8 må byggast om slik at den får endra innkjøring. Ingen andre bygningar vert direkte råka av planframlegget, men anlegget vil medføre inngrep på ei rekke private eigedommar.

Kulturminne

Planforslaget vil ikkje medføre konkvenser for automatisk freda kulturminne . Eit mindre areal er sett av til omsynssone kulturmiljø er råka, dette er ei sikringssone rundt automatisk freda kulturminne.

Bautasteinen på Indre Fosse må truleg flyttast som følje av avkørsle. Løa som må rivast på gnr 146/7 er SEFRAK registrert.

ROS- analyse

ROS – analysen som er ein del av planskildringa er laga i tråd med Lindås kommune sine akseptkriterium. Resultatet er at to hendingar slår ut i raud risikovurdering.

Det første går på trafikkulykker på veg. Det vil alltid være risiko for trafikkulykker på veg, men planforslaget er vurdert som positivt for trafiksikkerheita. Det kan likevel oppstå trafikkulykker på vegnettet, men med redusert sannsyn i forhold til dagens situasjon.

Det andre omhandlar trafikkstøy. Det er ikkje gjennomført støyfagleg vurdering av planforslaget, men del av planområdet er omfatta av gul støysone ihht.T- 1442 i kommuneplanens arealdel. T-1442 legg til grunn at miljø- og sikkerheitstiltak som ikkje endrar støyforholda ved eksisterande verksemder bør som hovudregel kunne gjennomførast utan samtidig utbetring av støyforholda. Det er innarbeidd i føresegnene at § 1.7.1 «Det skal i samband med byggeplan gjennomførast støyfagleg utgreiing ihht. styringsretningsline T- 1442.»

Merknader

Planframlegget vart 1.gongs handsama i PMU 13.06.2012 og lagt ut på offentleg ettersyn i perioden 23.06.2012-04.08.2012. Det kom inn 25 merknader, 3 offenlege og 22 private.

Planframlegget som vart lagt ut til 1.gongshøyring er endra, merknadane er innspel til det gamle planframlegget. Reguleringsplankarta som vart 1.gongshandsama ligg som vedlegg til saka

Det er 74 eideommar langs traseen som vert berørt av vegutvidinga, mange av merknadane frå grunneigarane i området går på korleis utviding av vegen påverkar deira eideom, spørsmål vedr grunnerverv, erstatning og innspel til løysingane som er vist. Ein del ønskjer synfaring med planmyndighetene for å drøfte løysinga og få forklart omfanget av tiltaket.

Administrasjonen vil saman med plankonsulent og Statens vegvesen ta kontakt med naboane i planområdet i høyringsperioden for å informera om planarbeidet og kva konsekvensar forslaget har for den enkelte eideom.

Merknadene etter 1.gangs høyring er oppsummert og kommentert i planskildringa s. 51-s.59.

Vurdering

Fortau langs Fv 404 frå Kvamme – Fosse er eit etterlengta trafikksikringstiltak for dei som bur langs vegen. I løpet av planprosessen som starta i 2011 er det utgreidd 3 ulike løysingar for vegstrekninga. Å få fram eit fortau langs vegen har vore hovudprioritet i planarbeidet, men det har og vore naudsynt å oppgradere vegen og avkøyrslene med omsyn til trafikktryggleik og kapasitet. Hovudutfordringa er at det ligg bustadhús og hagar nær vegen lang heile strekninga, når vegbana vert utvida kjem ein fort i konflikt med eideommane. Framlegget som no vert lagt fram til politisk handsaming er ein 2 -felts veg med fortau, og det mest arealkrevjande alternativet som er vurdert. Dette er òg det alternativet som gjev best løysing når det gjeld trafikktryggleik og kapasitet på vegen. Det er lagt ned mykje arbeid i å optimalisere linjeføringa for å redusere inngrep på eideommane.

Området langs fylkesvegen er svært attraktivt for bustadbygging og fleire reguleringsplanar for bustadfelt ligg på vent til vegen har fått fortau. Med ein 2- felt veg legg ein til rette for vidare utbygging i området, medan einfelts-veg med møteplassar vil gje avgrensa moglegheit for utvikling i området.

Tilråding

På bakgrunn av vurderinga ovanfor vil administrasjonen tilrå at framlegg til reguleringsplan for Fv 404 frå Kvamme- til kryss med veg til Fossavatnet vert sendt til 2. gongs offentleg ettersyn i medhald av plan-og bygningslova § 12-10.